

SKJÆRGÅRDSFISK AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Dykkar ref:
Vår ref: 2014/076673
Dato: 06.06.2014
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



SKJÆRGÅRDSFISK AS - LOKALITET 11665 JIBBERSHOLMANE - GODKJENNING AV ENDRING AV AREALBRUK

Mattilsynet viser til søknad dagsett 19.03.2014 om endring av arealbruk på lokalitet 11665 Jibbersholmane. Søknaden vart oversendt frå Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, og vart motteke her den 25.03.2014.

Saka gjeld

- 11665 - JIBBERSHOLMANE, Lokalitetsnummer 11665

Vedtak om godkjenning

Mattilsynet, distriktskontoret for Bergen og omland, godkjenner ein endring av arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11665 Jibbersholmane i Radøy kommune, som omsøkt.

Godkjenninga er ikkje gyldig før Hordaland fylkeskommune har gjeve sitt løyve etter Akvakulturlova.

Vedtaket er fatta med heimel i forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv § 5 Krav om godkjenning

Vi har observert:

Skjærgårdsfisk AS søker om å få klarert areal for utlegging av eit nytt anlegg.

Eksisterande merdanlegg er 8 stk 120m plastringar, sertifisert etter NS 9415, fordelt på to rekker. Kvar forøyningsramme er på 70x70m (totalt 2x4). Dette anlegget ynskjer verksemda å modernisere og skifte ut plastringane til 160m. Ny storleik på plastringane krev også større fortøyningsramme. Denne vert endra frå 70x70m til 100x100m . Ramma må også dreiest noko mot nordvest for å få nok djupne under merdane til ny teknologi for nedlodding av not. Større ramme og dreining av anlegget medfører også at det vert endringar i fortøyningsarrangementet. Posisjon på flåte vert ikkje endra frå noverande plassering.

Verksemda opplyser at bakgrunnen for søknaden er å leggje til rette for eit framtidretta anlegg for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Eksisterande anlegg må skiftast ut med nye sertifiserte komponentar med bakgrunn i NS 9415 og har som formål å hindra rømming av fisk. Ved å gjere denne endringa vil ein styrkja Skjærgårdsfisk AS som eit lokalt selskap med eigen administrasjon og drift i Radøy kommune. Endring av posisjonen for anlegget vil gje betre miljøtilhøve på lokaliteten, og vil styrkja tiltakspakka mot sjukdom. Soneindelinga som er sett i verk medfører at Jibbersholmane blir ein svært viktig lokalitet for Skjærgårdsfisk AS og Lingalaks AS. Endring av posisjonen vil gje moglegheiter til å optimalisere drifta ytterlegare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein "alt inn og alt ut" produksjon mest mogleg hensiktmessig. Plasseringa er gjort for å gje optimale miljøtilhøve og vil gje vinst med tanke på fiskehelse og motstand mot parasittar i anlegget. Etableringa av framtidretta anlegg som tilfredstiller krav i kommande forskrifter, vil også vera med på å leggja tilhøva til rette for viltlevande bestandar. Tilpassinga til soneinndelinga vil betra dei langsiktige utviklingsmoglegheitene til næringa.

Mattilsynet vurderer dette slik:

Den omsøkte aukainga av arealbruk omfattar endring frå åtte plastringar på 120 meter i diameter, til åtte ringar på 160 meter i diameter på lokalitet Jibbersholmane. Utan noko auke i biomasse, medfører dette lågare tettleik av fisk per merd. Dette kan vera med på å betre vassgjennomstrøyminga i kvar merd, som vil ha gunstig effekt på miljøet til fisken. Tilgangen på friskt oksygenrikt vatn vil såleis verta betre. Det er også gunstig med lågare tettleik i kvar produksjonseining blant anna når det gjeld fiskehelse og det å begrense spreining av sjukdom eller parasittar. Dess større vertstettleik ein har, dess større vil smittepresset vera. Med ein lågare tettleik av fisk, vil det vera vanskelegare for eventuelle sjukdomsagens å infisere nye vertar då det vert større avstand mellom desse.


Summen av ovannemnte faktorar gjer at Mattilsynet er positiv til den omsøkte endringa. Mattilsynet har heller ingen kommentarar til det å dreie anlegget mot nordvest.

I tillegg til å vurderast etter Forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m., er søknaden også vurdert etter lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald i høve til mogleg effekt på det biologiske mangfaldet, forureining av det ytre miljø og økologisk effekt. Dei miljømessige høva er vurdert ut frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Framtidige miljøundersøkingar vil sei noko om kor stor bereevne lokaliteten har. Det er ikkje kjend at området inneheld nasjonale eller regionale viktige miljøverdiar som kjem i konflikt med endringa av lokalitet Jibbersholmane. Mattilsynet finn ikkje grunnlag for å avslå søknaden om endra arealbruk ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologisk effekt eller naturmiljøet elles. Vi finn heller ikkje grunnlag for å avslå søknaden ut frå føre-vår prinsippet, sjå naturmangfaldlova § 9.

Mattilsynet vil vurdere å trekkje godkjenninga tilbake dersom de ikkje overheld vesentlege forhold i vilkåra for godkjenninga, eller dersom de ikkje oppfyller vesentlege krav i regelverket. De plikter å halde Mattilsynet orientert om kven som er ansvarleg for verksemda.

Sjå vedlegg til tilsynsrapport.

Med helsing



Odd Tøsdal
seksjonssjef

Kopi til:

FISKERIDIREKTORATET REGION VEST, Postboks 185 Sentrum, 5804 BERGEN
HORDALAND FYLKESKOMMUNE REGIONALAVDELINGA, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Vedlegg:

Vedlegg til tilsynsrapport

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

VEDLEGG TIL TILSYNSRAPPORT

Heimel for tilsyn

Mattilsynet har i samsvar med matlova § 23 og dyrevelferdslova § 30 heimel til å føre tilsyn og gjere nødvendige vedtak for gjennomføring av det som er bestemt av lova.

Klagerett

Det er klagerett på enkeltvedtak. Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått informasjon om vedtaket, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De finn meir informasjon om klageretten i vedlegget Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak.

Verksemda er vurdert etter følgjande regelverk

- FOR 2008-06-17 nr 823: Forskrift 17. jun. 2008 nr. 823 om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m (forskrift om utvidelse av akvakulturanlegg mv)
- Lov 19. des. 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv (matloven)
- Lov 19. jun. 2009 nr. 97 om dyrevelferd (dyrevelferdsloven)

Avsendar	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova (fvl) § 27)	
Mattilsynet Distriktskontoret Bergen og Omland Felles postmottak, Postboks 383 2381 Brumunddal		
Mottakar (namn og adresse)	Dato	Klageinstans
SKJÆRGÅRDSFISK AS Lingavegen 206 5630 STRANDEBARM	06.06.2014	Mattilsynet, Regionkontoret Hordaland og Sogn og Fjordane

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ønskjer å klage over vedtak De har fått melding om.

Klagerett	De har rett til å klage over vedtaket.
Kven kan De klage til	Klaga skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klaga, vil ho bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd.
Frista for å klage	Klagefrista er 3 veker fra den dagen dette brevet vart motteke. Det er nok at klaga er postlagt innan fristen løp ut. Dersom De klagar så seint at det kan være uklårt for oss om De har klaga i rett tid, burde De gje opp datoen når denne meldinga vart motteke. Dersom klaga vert sendt for seint, kan ein sjå bort fra ho. Om De har særskilt grunn til det, kan De likevel søkje om å få forlenga klagefrista. De bør da i tilfelle nemne grunnen til forseinkinga.
Rett til å krevje grunngeving	Dersom De ikkje allerede har fått grunngeving for vedtaket, kan De sette fram krav om å få det. Slikt krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen vert i så fall broten av, og ei ny frist tek til å løpe fra det tidspunktet De mottek grunngevinga.
Innhaldet i ei klage	Klagen skal nemne vedtaket som det blir klaga på, og den eller de endringane som er ønska. De bør også nemne grunngevinga Dykkar for å klage og eventuelle andre opplysningar som kan ha innverknad på vurderinga av klaga. Klaga må være underteikna.
Utsetjing av vedtaket	Sjølv om De har rett til å klage, kan vedtaket vanlegvis bli gjennomført straks. Men De har rett til å søkje om å få utsatt iverksettinga av vedtaket inntil klagefrista er ute eller klagen er avgjort.
Rett til å se dokumentene i saka og til å krevje rettleiing	Med visse avgrensingar har De rett til å se dokumenta i saka, jf fvl §§ 18 og 19. De må i slike høve vende Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga ellers.
Kostnader ved klagesaken	De kan søkje om å få dekkja utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det normalt visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannens kontor eller advokaten kan gje nærmare rettleiing. Det er og særskilt høve til å krevje dekning for vesentlige kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket er blitt endra til gunst for klagaren, er det etter fvl § 36 og høve til å søkje dekning for vesentlige kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om nausynt orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning for sakskostnadar.
Klage til Sivilombudsmannen	Det er og høve til å klage til Stortingets ombudsmann for forvaltninga (Sivilombudsmannen).